

Utkast til lov om språk (språklova). Høyringsfråsegn frå Vestland fylkeskommune

Kulturdepartementet har sendt utkast til ny lov om språk (språklova) på høyring. Vestland fylkeskommune vil med dette komme med innspel til høyringsnotatet og utkastet til ny språklov.

Innleiing / bakgrunn

Vi vil starte med å gje Kulturdepartementet ros for eit grundig høyringsnotat, og for å ha tatt tak i det viktige arbeidet med å lage ei ny språklov som skal erstatte mållova som vart vedteken i 1980. Det er positivt at departementet vil lovfeste statusen til norsk språk og definere statusen til samiske språk, teiknspråk og andre språk som staten etter internasjonale avtalar har eit ansvar for.

Det norske språket er under press frå det engelske språket. Vi snakkar her spesielt om domenetap innan enkelte sektorar, slik som academia og i digitale medium. Vidare er nynorsk, som det minste av dei to norske språka, under press frå bokmål. Talet brukarar av nynorsk går ned, noko som gir det offentlege eit særskilt ansvar for vern og aktiv bruk av nynorsk. Vi meiner utkastet til ny språklov gir oss mange gode verkemiddel for dette. Samtidig er utfordringane store og det krevst tiltak for å hindre ei svekking av nynorsk. Det er eit stort behov for aktivt informasjonsarbeid, motivasjon og styrking av språkkompetansen i statlege og fylkeskommunale organ.

Høyringsfråsegna til Vestland fylkeskommune vil i hovudsak handle om nynorsk som offentleg tenestemål. Det nynorske språket står sterkt i Vestland. Den nye fylkeskommunen er ein av to i landet med nynorsk som administrasjonsmål.

I høyringsfråsegna vil vi spesielt sjå på spørsmålet om fylkeskommunane skal høyre under lova og paragrafen som gjeld krav til skrivekunnskap.

Nedanfor følgjer innspela våre til dei konkrete paragrafane i utkastet til språklov:

§ 1 Føremål

Vi meiner føremålet er tydeleg og godt formulert. Det er viktig at lova slår fast at ein har eit ansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket, og at det offentlege skal verne og fremje samiske språk og norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes.

§ 2 Definisjonar

Vi har ingen merknader til utkastet til lovtekst.

§ 3 Verkeområde

Kulturdepartementet kjem i høyringsnotatet med to alternativ til verkeområde for lova. I *alternativ 1* er fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ verkeområde for lova. I *alternativ 2* er fylkeskommunar med tilknytte organ ikkje verkeområde for lova.

Det er klare argument både for og imot dei to alternativa. Ved *alternativ 1* vil ein styrke rettane til brukarane av nynorsk. Ein vil også kunne heve statusen til nynorsk og auke bruken

av nynorsk som offentleg tenestemål. Eit utslag av dette vil kunne vere auka bruk av nynorsk i fylkeskommunar med få kommunar med nynorsk som tenestemål. Dette gjeld mellom anna Innlandet, Vestfold og Telemark og Agder. Desse fylkeskommunane har fleire nynorskkommunar som ligg i randsona, der nynorsk er under spesielt press frå bokmål. For Vestland fylkeskommune er det eit fleirtal av nynorskkommunar, og fylkeskommunen vil då få plikt til å berre bruke nynorsk i publikumsretta tilfang.

Alternativ 1 er samtidig eit inngrep i det fylkeskommunale sjølvstyret. Det kan hevdast å vere eit brot på likestillinga mellom kommunar og fylkeskommunar om ein tek vekk fylkeskommunane sin rett til å bestemme administrasjonsmål. Alternativet inneber også at fylkeskommunen pliktar å svare private rettssubjekt på det skriftspråket som det private rettssubjektet har brukt til fylkeskommunen. For Vestland fylkeskommune sin del vil dette kunne bety meir bruk av bokmål, då det er store bokmålsgrupper i fylket. Ei anna potensiell utfordring kan vere mangel på kompetanse og/eller motivasjon hjå tilsette i fylkeskommunar som i dag har bokmål som tenestemål og som vil få plikt om å nytte ein høgare del nynorsk.

Alternativ 2 inneber å vidareføre dagens regelverk, der kommunar og fylkeskommunar har rett til å gjere språkvedtak, og der fylkeskommunane ikkje får same pliktene som statsorgan. Vedtaket medfører at statsorgan framleis vil ha plikt til å bruke nynorsk eller bokmål i skriv til fylkeskommunen, basert på språkvedtaket fylkeskommunen har gjort. Alternativet inneber også at fylkeskommunar med eit mindretal av nynorskkommunar bør fremje mindretalsspråket nynorsk, men det blir ikkje stilt konkrete krav i lova til korleis dette skal gjerast.

Vestland fylkeskommune støttar *alternativ 1* i utkastet til lov, som inneber at fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ skal vere verkeområde for lova. Dette vil styrke rettane til nynorskbrukarar. Det vil føre til meir nynorsk og sterkare vern av det minst brukte skriftspråket. Alternativet er ein naturleg følgje av at fylkeskommunane tek over fleire oppgåver frå staten. Det vil også auke bruken av nynorsk som offentleg tenestemål. Dette er spesielt viktig i fylke med eit mindretal av kommunar som har nynorsk som administrasjonsmål.

I fråsegna vidare vil vi legge *alternativ 1* til grunn i paragrafar der ulike alternativ for lova sitt verkeområde er aktuelle, utan å kommentere dette spesielt under kvar paragraf.

§ 4 Norsk språk

§ 5 Samiske språk

§ 6 Nasjonale minoritetsspråk

§ 7 Norsk teiknspråk

§ 8 Skandinaviske språk

Vi har ingen merknader til utkastet til lovtekst som gjeld ovannemnte paragrafar.

§ 9 Klart språk

Vestland fylkeskommune støttar utkastet til lovparagraf. Vi vil streke under at dette er ein viktig paragraf. Klarspråk er med å gje eit klart og brukartilpassa språk, og stiller krav til forvaltninga om å styrke tenestene og språkkompetansen.

§ 10 Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk

Vestland fylkeskommune meiner det er viktig å lovfeste at statsorgan skal ha namn på norsk, både bokmål og nynorsk, som følgjer offisiell rettskriving. For å sikre dette bør dei aktuelle

statsorgana sjå til at Språkrådet blir konsultert på eit tidlege tidspunkt som gjeld namn på statlege verksemdar.

§ 11 Kommunale språkvedtak

Vestland fylkeskommune stør forslaget til lovparagraf, alternativ 1, som seier at kommunestyra sjølv gjer vedtak om krav til statsorgan om å bruke berre nynorsk eller bokmål i all skriftleg kommunikasjon med kommunale organ. Samtidig er det viktig at staten har tydelege forventningar om å ta særleg omsyn til språkbrukarane i kommunar med skular eller elevgrupper som nyttar det minst brukte skriftspråket, men der majoriteten brukar bokmål.

§ 12 Veksling mellom bokmål og nynorsk

§ 13 Parallell bruk av bokmål og nynorsk

§ 14 Bruk av bokmål og nynorsk til enkeltadressatar

§ 15 Fleirtalsspråk

Vi har ingen merknader til utkastet til lovtekst som gjeld ovannemnte paragrafar.

§ 16 Krav til skrivekompetanse

Departementet foreslår å endre regelverket som gjeld *individuell plikt* for tilsette i statsforvaltninga om å nytte nynorsk og bokmål i tråd med gjeldande reglar. Dette blir erstatta med ei *plikt på organisasjonsnivå* for statsorgana og eventuelt fylkeskommunale organ om å syte for at reglane om språkbruk blir følgde.

Denne endringa vil langt på veg vere i tråd med dagens praksis. Endringa kan gje offentlege organ som lova gjeld for ei klarare forventning om å sørge for at reglane blir følgde. Å endre frå individnivå til organisasjonsnivå vil gjere det til ei tydelegare leiaroppgåve å sørge for at dei tilsette har naudsynt språkkompetanse. Dagens mållov opnar for unntak frå paragrafen om skrivekompetanse som gjeld m.a. utanlandske statsborgarar utan sidemålsopplæring eller høgare utdanning eller tilsvarande opplæring i norsk. Den gir også høve til å frita einskilde tenestemenn plikta til å nytte begge målformer etter søknad. Ved ei regelendring vil det ikkje lenger vere naudsynt med unntaksreglar for enkeltpersonar, sidan ansvaret for skrivekompetanse er plassert i organisasjonen. Ei styrking av Språkrådet som tilsynsorgan og forvaltningsorgan i språkspørsmål (jf. § 18), samt opplysningsplikta for dei offentlege organa (jf. § 19) vil vere med å byggje oppunder kravet om skrivekompetanse i organa.

Ei ulempe ved endringa kan vere ei svekking av jamstillinga av bokmål og nynorsk, samt av sidemålsopplæringa sin status i skulen. Går ein bort frå ei plikt på individnivå om å nytte nynorsk og bokmål i tråd med regelverket vil ein svekke nokre av argumenta for opplæring og eksamenar i både nynorsk og bokmål i skulen. Ei anna ulempe kan vere at krav om skrivekompetanse ikkje blir teke med ved stillingsutlysingar. Dette kan medføre at det blir rekruttert færre med god skrivekompetanse i offentlege organ.

Vestland fylkeskommune støttar departementet sitt forslag til paragraf. Tydelegare forventningar om god skrivekompetanse på organisasjonsnivå gjer det til ei leiaroppgåve å syte for dette. Språkrådet som tilsynsorgan og opplysningsplikta til dei offentlege organa vil også styrke skrivekompetansen i organa som er innanfor lova sitt verkeområde.

§ 17 Klagerett

Vi har ingen merknader til utkastet til lovtekst.

§ 18 Språkrådet

Det er viktig og rett at Språkrådet får ei utvida rolle som rettleiar, rådgjevar, tilsynsorgan og forvaltningsorgan i språkspørsmål. Dette gir Språkrådet auka legitimitet og medfører at heile verksemda til rådet blir lovfesta. Å gje Språkrådet tydeleg mandat som tilsynsorgan med plikt til statsorgan og fylkeskommunar om å rapportere til Språkrådet er ein god måte å føre tilsyn med at lova blir følgd.

Vi registrerer at det er diskusjonar om Språkrådet skal kunne treffe vedtak om tvangsmulkt eller bøter for å sikre gjennomføring av pålegg om retting av plikta til veksling mellom bokmål og nynorsk etter språklova. Vestland fylkeskommune meiner informasjonsarbeid, motivering, rettleiing, rådgjeving, kompetansebygging og pålegg utan høve til økonomiske sanksjonar vil vere føremålstenleg for å fremje god og aktiv språkbruk.

§ 19 Opplysningsplikt

§ 20 Iverksetjing

§21 Overgangsreglar

Vi har ingen merknader til utkastet til lovtekst som gjeld ovannemnte paragrafar.